

Vinterfrukost

Tekst: Josef G. Larssen

Melodi: Gaute Øvereng 2008

E A/E E F#m7 A

På fug - le - bret - tet, ut - for kjø - ken - gla - set, får spor - ven mor - gon - mat av hu - sets

4 B A B C#m7 F#7

kost. Og på ein gjen - nom - fro - sen rog - ne - kla - se, der sit ein hus - tren og for - svol - ten

8 Bsus4 B E A/E E A F#m7

trost. Det kjem nok in - gen gla - de mor - gon - son - gar frå stru - pa til ein fro - sen tro - ste -

12 B C° C#m7

kropp. Han finn seg plass blant fru - kost - kom - pan - jon - gar som

15 F#7 B A B E

mest av all - ting lik - nar grå bal - lon - gar, bal - lon - gar som dei sjølv har ble - se opp.

2. Og meis og dompap sit i fuglebanda
og driv og meskar seg med havrekonn.
Om ikkje nett som i dei varme landa
så sit dei betre enn i snøkald fonn.
No et dei frukost uti vinterhagen
og det kjem havrekonn i fuglemunn.
Dei fyller munnen og dei fyller magen
og lagar fargespel i vinterdagen,
og livar opp mi vintermorgonstund.